



SAKSHANDSAMAR
Yngvild Solberg Greiner
Bodil Johanne Paulsen

VÅR REF.
15/01234-4

ARK. B - Bygninger
260 (Fana) Bergen - Ho

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

DYKKAR DATO

VÅR DATO
17.01.2017

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Fjøsangerveien 28 Hjemmel AS
Fjøsangerveien 28
5054 BERGEN

Vedtak om fredning av Forum kino - Fjøsangerveien 28, gnr./bnr. 162/26, Bergen kommune

Vi viser til tidlegare utsendt fredingsforslag for Forum kino, datert 7. januar 2000. Fredingsforslaget har vore på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. På grunnlag av dette fattar Riksantikvaren følgjande vedtak:

VEDTAK:

Med heimel i lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner (kulturminnelova) § 15 jf. § 22, fredar Riksantikvaren Forum kino, Fjøsangerveien 28, gnr./bnr. 162/ 26 i Bergen kommune.

Omfanget av fredinga

Fredinga omfattar følgjande bygning:



- *kino med bibliotekstilbygg, bygningsnr. 139798171 (Askeladden-ID119613-1)*

Fredinga omfattar bygningens konstruksjon, eksteriør og delar av interiøret. (jf. planteikninga nedanfor): billetthallen, vestibylen inkludert øvre del av trappene til underetasjen, korridorane mellom vestibylen og kinosalen, kinosalen og utgangsromma frå bakre del av kinosalen.

I eksteriøret og dei freda interiøra inkluderer fredinga hovudelement som planløysing, materialbruk og overflatehandsaming og detaljer som vindauge, dører, portar og listverk og fast inventar som lysarmaturar og skilt.

Fredinga omfattar også følgjande større laust inventar:

- *Fire opphavlege benkar frå vestibylen som lagrast i bygningen*
- *To opphavlege bronseurner på steinsokkel i vestibylen*



Øst: Fredingskart for Forum kino, utarbeida av Riksantikvaren.

Nedst: Planteikning av Forum kino, skræverte felt viser omfanget av interiørfredinga, utarbeida av Riksantikvaren.

Formålet med fredinga

Formålet med fredinga er å bevare Forum kino som eit arkitektonisk og kulturhistorisk viktig eksempel på ein kinobygning frå 1930- og 40-åra og som eit arkitektonisk verdifullt eksempel på art deco-prega monumentalarkitektur.

Fredinga skal ivareta og sikre bygningen. Både hovudstrukturen og detaljeringa i eksteriøret, så som fasadeløysing med dekor, opphavlege/eldre vindauge og dører, materialbruk og overflater, skal oppretthaldast.

Fredinga av bygningens interiør skal sikre konstruksjonen, rominndeling, bygningsdelar og overflater i dei delane av interiøret som er kulturhistorisk interessante. Fast og spesifisert laust inventar skal bevarast som ein integrert del av interiøret

Fredingsføresegner

Fredingsføresegnene er utforma i samsvar med formålet med fredinga og gjeld i tillegg til føresegnene i kulturminnelova om vedtaksfreda kulturminne frå nyare tid.

1. Det er ikkje tillate å skade, rive eller flytte bygningen eller delar av den.
2. Det er ikkje tillate å byggje om eksteriøret eller dei freda delane av interiøret til bygningen.
3. Det er ikkje tillate å skifte ut bygningselement eller materialar, endre overflater eller gjere anna arbeid ut over vanleg vedlikehald på eksteriøret eller dei freda delane av interiøret til bygningen.
4. Alt vedlikehald og all istandsetting skal skje med materialar og metodar som er i tråd med eigenarten til bygningen og på ein måte som ikkje reduserer dei arkitektoniske og kulturhistoriske verdiane.
5. Tilbakeføring til opphavleg eller tidlegare utsjånad og/eller konstruksjonar kan tillatast i særlege tilfelle så fram t tiltaket kan gjerast på eit sikkert dokumentert grunnlag og etter dispensasjon frå kulturminnestyresmaktene.
6. På baksida mot gardsrommet kan det tillatast tilbygg, føresett at det ikkje vert høgare enn taket over kinosalen. I særlege tilfelle og etter dispensasjon frå kulturminnestyresmaktene kan det i inn- og utgangsromma og i sidegangane til kinosalen, samt i eksteriøret mot Jonas Lies vei, gjerast ombyggingar, så fram t tiltaka ikkje bryt med karakteren og heilskapsinntrykket til arkitekturen.
7. I kinosalen kan element som er naudsynte for bruk til teaterframsyningar og liknande (t.d. utvida scenegolv og proscenieopning) tillatast, så fram t dei er reversible og tilpassa opplevinga av interiøret og etter dispensasjon frå kulturminnestyresmaktene.
8. Laust inventar som inngår i fredinga, jf. spesifikasjonen ovanfor, må ikkje skadast eller fjernast frå bygningen.

Følgjer av fredinga

Lovheimel

Når det gjeld handsaminga av freda hus og anlegg, viser vi til kulturminnelova §§ 15a – 18, samt fredingsføresegnene over.

Arbeid som krev løyve etter plan- og bygningslova, må i tillegg leggast fram for kommunale styresmakter. Ver merksam på at løyve etter kulturminnelova må ligge føre før arbeid i tråd med plan- og bygningslova kan setjast i verk.

Vedlikehald

Det er eigaren som har ansvaret for det jamne vedlikehaldet av freda bygningar og anlegg. Det grunnleggjande prinsippet for vedlikehald av freda bygningar er å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege eller eldre bygningselementa og detaljane som kledning, vindauge, dører, listverk og overflatahandsaming. Vedlikehald av freda bygningar og anlegg skal så langt som råd er, skje i samsvar med opphavleg utføring, teknikk og materialbruk og elles i samsvar med fredingsføresegnene. For meir informasjon om vedlikehald og forvaltning av freda bygningar og anlegg, viser vi til informasjonsblada til Riksantikvaren på www.riksantikvaren.no.

Dispensasjon

Fredinga medfører at det må søkjast om løyve/dispensasjon til å setje i gang alle typar tiltak som går ut over vanleg vedlikehald, jf. kulturminnelova § 15a. Søknad om løyve skal sendast fylkeskommunen som avgjer om tiltaket kan iverksetjast, ev. på visse vilkår. Oppstår det tvil om kva som blir rekna som vanleg vedlikehald, skal fylkeskommunen sameleis kontaktast

Økonomisk tilskot

Det er høve til å søkje fylkeskommunen om tilskot til vedlikehald og istandsettingsarbeid.

Dersom det etter § 15a blir gitt dispensasjon med vilkår som verkar fordyrande på arbeidet, skal det gjevast heilt eller delvis vederlag for utgiftsauken, jf. § 15a andre ledd.

Fylkeskommunen kan gi opplysningar om frist for innsending av og krav til søknad.

Kort karakteristikk av kulturminnet

Forum kino vart reist av Bergen kommunale kinematografer og var eit ledd i utbygginga av eit nytt sentrum for dei sørlege bydelane i Bergen. Bygginga tok til i 1939, men grunna okkupasjonen vart kinoen først innvigd i 1946. Forum var i bruk som kino til 2005. Etter det er kinosalen m.a. nytta til TV-sendingar og ulike sceniske oppsettingar.

Kinobygningen er teikna av arkitekt Ole Landmark (1885-1970), ein av dei fremste arkitektane i Bergen i mellomkrigstida. Utforminga tek utgangspunkt i den særprega fasongen på tomta, ein trekant der Fjøsangerveien og Jonas Lies vei møtast i spiss vinkel. Dette er utnytta ved at kinosalen har fått ein vifteform som følgjer sidene i tomta, og ytst i spissen ligg inngangs/billetthallen og vestibylen. Frå vestibylen går korridorar langs sidene av salen, og bak i salen er det utgangar til begge gatene og til gardsrommet inne i kvartalet.

Salen, vestibylen, billetthallen og korridorane kjem til syne i eksteriøret som klart markerte, geometriske volum. Over ein sokkel danna av korridorane langs sidene, reiser dei andre bygningssledda seg, trekt tilbake frå fasadelina. Medan salen har ein heilt enkel og lukka firkantform, består vestibylen av to blokkar over kvarandre, begge med grunnriss som eit tverrstilt rektangel med avrunda kortender, den øvste og minste med glasfelt heile vegen rundt.

Det rektangulære volumet til billetthallen utgjør inngangspartiet og har ein rikare og meir open utforming; endeveggen er delt inn av fire lisenar av granitt som fortset opp over gesimslina, mellom dei er dei tre inngangsdørene av edeltre, og over desse ein utkraga baldakin og tre store vindaugsfelt. Formspråket kan karakteriserast som art deco, med hovudformar prega av funksjonalismen, men med eit meir klassisk preg både i den monumentale, symmetriske volumoppbygginga og i detaljane.

Innvendig utgjør publikumsinteriøra ein samanhengande romkomposisjon. Billetthallen og vestibylen er prega av samspelet mellom dei enkle geometriske hovudformene, glatte veggflater, samt bygningsdetaljar av mørk skifer, marmor og lakka edeltre. Medan billetthallen får dagslys gjennom inngangsfasaden, har vestibylen eit stort glasfelt i taket, under den lanterneaktige overbyggingen. Kinosalen har eit mjukare preg, med ein meir samansett form, skrånande golv med seteradar, boga himling, og veggpanel av finér.

Eit folkebibliotek vart bygd som del av kinoanlegget. Det ligg som eit separat volum, i tre etasjar med eit lågt valmtak, i forlenginga av sidefasaden mot Jonas Lies vei, og bunde saman med denne av gesimsbandet over sokkeletasjen, som her er trappa opp i fleire trinn grunna stigninga i gateløpet. Biblioteket har ei meir klassisistisk fasadeutforming, med midtstilt portal krona av byvåpenet, og krysspostvindaug i tett, jamn takt i dei øvre etasjane.

Både ut- og innvendig er kinobygningen i hovudtrekka svært lite endra. Oppussingar og moderniseringar har ført til ein del mindre forandringar, mellom anna i fargesettinga og i setene i kinosalen. Lysarmaturar og opphavleg møblering teikna av Landmark er bevart.

For nærare skildring av kulturminnet viser vi til den vedlagte dokumentasjonen.

Vurdering av kulturminnet - grunngjeving for fredingsvedtaket.

Samandrag av vurderinga i fylkeskommunen sitt forslag datert 7. januar 2000.

Forum kino har høg kulturminneverdi både som eit representativt og godt bevart døme på ein storkino frå midten av 1900-talet, og som eit bygningsanlegg med store arkitektoniske kvalitetar. Kinoen er eit av dei fremste døma på monumental art deco-prega arkitektur i Noreg.

Filmen er karakterisert som det 20. hundreåret sin eigen karakteristiske kunstart. Kinolokala utvikla seg i første del av hundreåret som ein ny, viktig kulturell og sosial arena og som ein ny bygningstype. Kinobygningane kunne få ein monumental utforming, ofte med visse arkitektoniske særtrekk som hang saman med både funksjonelle krav og eit ønske om å gi eit meir symbolsk uttrykk for kinoens eigenart. Forum kino er eit framstående døme på dette; eit heilstøypt arkitektonisk verk der fasongen på tomta, funksjonelle krav og ein monumental form er nært forbunde med kvarandre. Saman med eksteriøret utgjør dei viktige publikumsromma ein arkitektonisk heilskap, gjennomarbeidd til minste detalj. Medan volumoppbygginga er eit logisk uttrykk for funksjonen og planløysinga, kan mange av detaljane lesast som eit symbolsk uttrykk for bygningens kinofunksjon. Det gjeld også måten bygningen opphavleg gjorde bruk av kunstig lys som ein medviten arkitektonisk effekt.

Både sjølve bygningstypen og det arkitektoniske formspråket gjer Forum til del av ein hovudretning i den internasjonale kinoarkitekturen i mellomkrigstida. Eit så tydeleg art deco-preg må reknast for meir sjeldsynt i norsk samanheng. I eit noko vidare perspektiv representerer Forum likevel ein utbreidd tendens i 30-åras arkitektur, nemleg blandinga av funksjonalistiske og nyklassisistiske trekk. Dette gjeld ikkje minst svært mykje av Bergensarkitekturen frå tida rett før krigen. Kinoanlegget syner, gjennom det meir nyklassisistisk prega bibliotekstilbygget, to ulike variantar av dette.

Forum kino har høg miljøverdi som ein hjørnestein både visuelt, symbolsk og funksjonelt i det miljøet den ligg i. Både kinoen og plassanlegget rett ved sida av er utforma av arkitekt Landmark, og saman tydeleggjer dei ambisjonen om å skape eit nytt, urbant senterområde. Slik er kinoen også eit byplanhistorisk monument rundt Danmarks plass.

Forum kino er godt bevart, og dei endringane som er gjort, er ikkje større enn at bygningen med relativt små tiltak kan førast attende til nær opphavleg stand. Samstundes er kinoen sjeldsynt, i og med at mange av dei gamle «storkinoane» er bygde om, ofte gjennom oppdeling i mindre salar. Forum er til dømes den einaste av dei eldre kinosalane i Bergen som er intakt. Som drifta av bygningen dei seinare åra har vist, har Forum bruksverdi også utover kinofunksjonen.

Hordaland fylkeskommune konkluderer difor med at Forum kino har nasjonal kulturminneverdi.

Vurderinga til Riksantikvaren

Riksantikvarens slutter seg til vurderinga til Hordaland fylkeskommune. I fylgje *fredningsstrategi mot 2020 for kulturminneforvaltningen*, datert 31. januar 2015, er kulturminner knytt til rekreasjon og fritid blant dei ti prioriterte tema i fredingsarbeidet fram mot 2020. Forum er ein viktig representant for kvardagslivet og fellesskapets kulturminner. Forum kino er unik i nasjonal samanheng med si blanding av funksjonalistiske og nyklassisistiske trekk, noko som er karakteristisk for mykje av Bergensarkitekturen frå før krigen.

Det er ikkje utføra tilstandsanalyse av bygningen. Forum kino er godt bevart, og bygningen kan med relativt små tiltak førast attende til nær opphavleg stand. For tida er Forum kino under oppussing i dialog med Hordaland fylkeskommune. Riksantikvaren vurderer at Forum kino er ein så vesentleg bygning å ta vare på at freding er eit riktig verkemiddel.

Lokalisering, eigedomstilhøve og reguleringsmessig status

Forum kino er eiga av selskapet *Fjøsangerveien 28 hjemmel AS* og ligg ved Fjøsangerveien, hovudvegen inn til Bergen sentrum frå sør, og rett nord for Danmarks plass. Kinobygningen fyller det meste av ei spissvinkla hjørnetomt, med gatefasade mot vest og nord, nabohus vegg i vegg i sør og aust, og eit felles gardsrom i søraust.

Gjeldande reguleringsplan er framleis reguleringsplan for Midtre Årstad, stadfesta i 1938, som kinoen er bygd i samsvar med. Planen har ingen føresegner. Reguleringsplan for Bybanen i Bergen, delstrekning 2 Nygårdstangen-Edvard Griegs vei (vedteke 2004) har plangrense i vegglivet til kinoen mot nordvest og vest. I Kommunedelplan Puddefjorden-Damsgårdsundet (vedteke 2010) er eigedomen merka av som område der det skal takast spesielt omsyn til byform og kulturminne.

Tilhøvet til naturmangfaldlova

Prinsippa i lov om naturmangfold av 19. juni 2009 nr. 100 (naturmangfaldlova) §§ 8-12 skal leggjast til grunn ved utøvinga av offentleg mynde, der naturmangfaldet vert råka. Riksantikvaren har gjort søk i Artsdatabankens Artskart og Naturbasen til Miljødirektoratet for å skaffe naudsynt kunnskap for avgjerdsgrunnlaget.

Fredingsvedtaket inneber ingen endring av dagens situasjon når det gjeld naturmangfaldet i området og vil ikkje påverke naturmangfaldet i negativ retning.

Myndet til Riksantikvaren

Det følger av kulturminnelova § 15 jf. § 22 at departementet kan frede byggverk og anlegg eller delar av dei av kulturhistorisk eller arkitektonisk verdi. Mynde til å gjere vedtak om fredning er delegert frå Miljøverndepartementet til Riksantikvaren jf. forskrift av 9. februar 1979 § 12 nr.1 om fagleg ansvarsfordeling mv etter kulturminnelova.

Bakgrunn for fredinga

Hordaland fylkeskommune varsla oppstart av fredingssak for Forum kino i januar 2000. Den direkte grunnen var planane til Bergen kino om å leggja ned kinodrifta og selja kinoen. Fylkeskommunen frykta at dette kunne føra til at autentisiteten og vesentlege arkitektoniske og kulturhistoriske verdier gjekk tapt, særleg i interiøret. Det tok ei tid før salet vart realisert, men då det var nært føreståande vart kinoen mellombels freda 19. januar 2006 av Bergen kommune ved Byantikvaren, som då var kulturminnemynde. Dei ønska ryddigheit og klårare juridiske tilhøve rundt byggets status som freda i salsprosessen. I april same år selde Bergen kommune Forum kino til private eigarar.

Utgreiing om saksgang og innkomne merknader

Melding om oppstart av fredning vart, i samsvar med kulturminnelova § 22 nr.1 send eigaren og kommunen i brev av 7. januar 2000. Samstundes vart dette kunngjort i Norsk lysingsblad og avisene Bergens Tidende og Bergensavisen.

Bergen kommune hadde følgjande merknad til varsel om oppstart: «Utvalg for byutvikling støtter forslaget om fredning av Forum kino».

Forum kino vart mellombels freda 19. januar 2006. Eit fornya varsel om oppstart av fredingssak vart sendt dei nye eigarane og kommunen 15. september 2009, og samstundes kunngjort i Bergens Tidende og Bergensavisen. Det kom no inn ein merknad, der Nuno arkitektur AS på vegne av eigar uttrykte at dei ønska ein positiv dialog for å leggja rammer som tek i vare både eigars interesser og kulturminneinteressene.

Fylkeskommunen utforma deretter fredingsforslag, og dette vart i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 2 sendt på høyring til partane i saka 8. juni 2015. Samstundes vart det kunngjort i avisene Bergens Tidende, Bergensavisen og Norsk lysingsblad at fredingsforslaget var lagt ut til offentleg ettersyn i Hordaland fylkeskommune og på fylkeskommunens nettsider www.hordaland.no. Det vart gitt ein frist på 6 veker frå kunngjeringsdagen til å uttale seg. Det kom inn to høyringsfråsegner. Byrådet i Bergen gjorde 20. august 2015 følgjande vedtak: «Bergen kommune er positiv til framlagte høringsforslag og har ingen øvrige merknader til fredningen av Forum kino.» Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde 27. august 2015 følgjande vedtak: «Fylkesutvalet sluttar seg til fredning av Forum kino. Fredinga vil sikra dei nasjonale kulturminneverdiane knytt til kinobygningen og samstundes leggje til rette for vidare bruk.».

I medhald av kulturminnelova § 22 nr. 3 skal forslag om fredning leggjast fram for kommunestyret før vedtak om fredning blir gjort. Fredingsforslaget og innkomne merknader vart sendt Bergen kommune i brev av 15. desember 2015. Bergen bystyre handsama saka i møte 17. februar 2016 og fatta følgjande vedtak:

«Bystyret i Bergen stiller seg positiv til framlagte forslag til fredning av Forum kino som gir grunnlag for fortsatt aktivitet og vern gjennom bruk.» Høyringsfråsegnene gir soleis ikkje grunn til endringar i fredingsforslaget.

Riksantikvaren sine merknader

Kommunen og fylkeskommunen si tilslutning til saken viser at det er einigheit om viktigheita av å sikre verdiane som Forum kino representerer, for ettertida. Eigar har ikkje uttalt seg skriftleg i saka, men det har vore dialog med eigar underveis i prosessen. Det ble gjennomført synfaring 30. november 2016 der representantar frå eigarsida, Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren deltok. På bakgrunn av dette har Riksantikvaren ein klar oppfatning om at alle partar er positive til fredinga, noko som er gledeleg. Dette er det beste utgangspunktet for at Forum kino blir tatt vare på for ettertida.

Opplysning om klagerett og tinglysing

Fredingsvedtaket til Riksantikvaren kan påklagast til Klima- og miljødepartementet, jf. forvaltingslova § 28. Eventuell klage blir å stille til Klima- og miljødepartementet, men skal sendast til Riksantikvaren innan tre veker frå fredingsvedtaket er mottatt, jf. forvaltingslova § 29.

Fredingsvedtaket vil bli tinglyst av Riksantikvaren i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 5.

Beste helsing

Jørn Holme

Hanna Kosonen Geiran
avdelingsdirektør

Brevet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- Dokumentasjonsvedlegg
- Riksantikvarens informasjonsblad «Å eie et fredet hus»
- Rundskriv «Enklere og raskere dispensasjonsbehandling av tiltak på byggverk, anlegg mv. fra nyere tid, områder og kulturmiljøer som er fredet i medhold av kulturminneloven

Kopi:

Fortidsminneforeningen, Dronningens gate 11, 0152 OSLO/ Bergen kommune, Postboks 7700, 5020 BERGEN/ Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN